

FAKTA OM

Lokalmat - registrering og godkjenning

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

Alle som driv med næringsmiddelverksemd skal enten registrere verksemda eller få verksemda godkjent. Å vere næringsmiddelverksemd betyr at du, mot eller utan vederlag, leverer frå deg næringsmiddel.

Registreringspliktige verksemdar

Primærproduksjon

Næringsmiddelhygieneforskrifta gjeld heile matkjeda frå jord/fjord til bord. Dersom du produserer eller haustar inn råvarer som skal brukast til mat, er dette ei næringsmiddelverksemd med primærproduksjon. Denne skal vere registrert i skjemateneesta. Sjå faktaark "Lokalmat - bruk av Mattilsynet si skjemateneeste". Alle som søker produksjonstilskot for dyr eller planteproduksjon, blir automatisk registrert.

Dyrking av frukt, bær og urter, innhausting av ville vekstar som bær og sopp, fiske, slynging av honning, hald av produksjonsdyr og mjølkeproduksjon er døme på

Dette arket må du lese i samanheng med dei andre faktaarka om lokalmat: oppstart av verksemd, krav i regelverket, skjemateneesta, prøvetaking, og evt. arka om drikkevatt frå eiga vasskjelde, kjøtt, mjølk, innlandsfisk og egg/honning.

På www.mattilsynet.no/lokalmat finn du arka med aktive lenker til regelverk og annan informasjon.



aktivitetar som vert rekna som primærproduksjon. Transport, lagring og handtering av råvarene på garden og transport til kundar er også primærproduksjon.

Primærproduksjon er produksjon, oppdrett eller dyrking av råvarer, medrekna innhausting, mjølking og husdyrproduksjon før slakt. Jakt, fiske og innhausting av viltveksande vekstar er også omfatta.

Det viktigaste hygieneregelverket som gjeld for primærprodusentar er næringsmiddelhygieneforskrifta, forordning 852/2004, vedlegg I, del A. I tillegg er det nokre krav i animaliehygieneforskrifta. Det gjeld levande muslingar, fiskerivarer, rå mjølk og egg. Primærprodusentar skal sikre at råvarene ikkje blir forureina og ha styring og kontroll med drifta. Det er nokre spesifikke krav til journalføring, men det er ikkje krav om HACCP-basert internkontroll.

Unntak frå krav til registrering av primærproduksjon

Du treng ikkje registrera deg dersom du berre av og til, leverer overskotet av råvarer frå primærproduksjon direkte til sluttforbrukar. Jegerar som sel heile, eller grovdelte slakt av viltlevande vilt, treng heller ikkje registrera seg.

Foredling og sal av ikkje-animalsk mat

Driv du med servering, gardsbutikk, produserer mat som t.d. syltetøy, saft, brød og lefser, skal du registrere næringsmiddelverksemda di. Det er inga avgrensing av kven du kan selje til, eller kor du kan selje ikkje-animalsk mat. Det viktigaste hygieneregelverket står i næringsmiddelhygieneforskrifta.



Detaljst er ei verksemd som sel eller serverer direkte til forbrukar, t.d. butikk, kafe, restaurant, catering, kantine eller institusjon.

Godkjenningspliktige verksemdar

Animalske produkt

Driv du med produksjon av animalske matvarer, er hovudregelen at verksemda skal ha godkjenning. Animalske produkt er laga av kjøtt, fisk, mjølk og egg. Sidan produksjon av animalske matvarer kan vere ein større risiko for folkehelsa enn andre matvarer, skal Mattilsynet godkjenne desse verksemdene.

Når verksemda er godkjent, kan du selje animalske produkt i heile Noreg og EU. Du får tildelt eit godkjenningsnummer som du må bruke i identifikasjonsmerket på alle dine emballerte produkt.

Hygieneregelverket som gjeld for animalsk produksjon, er næringsmiddelhygieneforskrifta og animaliehygieneforskrifta.

Unntak frå krav til godkjenning

Det er gitt unntak frå regelen om godkjenning. Mindre verksemdar kan velje ikkje å søkje om godkjenning, dersom verksemda driv i samsvar med krava lista opp under. Bakgrunnen for dette er at det vert produsert mindre mengder, produkta når fram til færre menneske, det er ofte god oversikt over distribusjonen og direkte kontakt mellom produsent og forbrukar. Ei slik verksemd er ein detaljist og du må registrere drifta.



Du treng ikkje godkjenning dersom du:

A. Berre leverer til sluttforbrukar

B. Leverer til sluttforbrukar og leverer til andre detaljistar som berre leverer til sluttforbrukar, og oppfyller alle desse tre vilkåra:

1. Lokal aktivitet: Leverer til andre detaljistar i same fylke eller innanfor ein maksimal avstand på 100 km. Dersom du kan vise at naturleg område for sal går ut over desse grensene, kan du levere i eit større område.
2. Marginal aktivitet: Leverer maks. 600 kg pr. veke (gjennomsnitt over 6 mnd. = totalt 15.600 kg) til andre detaljistar. Mengde direkte til sluttforbrukar kjem i tillegg.
3. Avgrensa aktivitet: Leverer til andre detaljistar som leverer direkte til sluttforbrukarar. Som detaljist kan du ikkje selje animalske varer via grossist

Det er særskilte reglar for vilt, kaninar og fjørfe. Sjå ark om "Lokalmat – kjøtt for" meir informasjon.

Nettsal

Dersom du vel å selje animalske produkt via internett, og ikkje leverer varene direkte til sluttforbrukar, må verksemda ha godkjenning. Leverer du varene direkte til sluttforbrukaren, er det ikkje krav til godkjenning. Det kan t.d. vere frå eige utsal, på messer, eller gjennom REKO-ring.

Sjå meir informasjon om nettsal på mattilsynet.no.

Kortvarig sal av mat

Dersom du sel eller serverer mat på messer, festivalar, bondens marknad etc., skal du registrere det i skjematenesta. Dette er ein eigen aktivitet i tillegg til dei andre aktivitetane du har. Når du har meldt om at du driv med mobilt sal, treng du ikkje å melde frå til Mattilsynet om dei ulike plassane og tidspunkta du skal selje.

Dersom du skal ta med **animalske produkt til utlandet**, t.d. på messer eller konkurransar, er det krav om at verksemda er godkjent. Registrerte verksemdar kan i særskilte høve delta i konkurransar. Ein må då søkje vertslandet om løyve, og høyre om produktet kan sendast som vareprøve.

Korleis registrere eller søkje godkjenning

Mattilsynet har elektronisk system for dette. Du kan starte ved å velje knappen for «Skjema» på mattilsynet.no. Sjå ark om "Lokalmat – skjematenesta" for meir informasjon.

Gebyr

Du må betale gebyr for å få behandla ein godkjenningssøknad. Maksimalt beløp kjem fram før du sender inn elektronisk søknadsskjema i skjematenesta til Mattilsynet. Det er ikkje gebyr for registrering av verksemd.